

Styremøte i Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane



08. oktober 2017 på Skype 20-21-15

Til stades: Laila Røneid og Inger Handegård.

Fråfall: Hilde Rotihaug

Nr	Sak	Kven gjer kva når
6-17	Referat frå førre møte Må leggjast ut på gruppa for godkjenning og så ut på heimesida	Inger snarast
7-17	Regnskap/økonomi På grunn av bankproblem kunne me ikkje få oppdatert rekneskap til møtet. Økonomien er bra. Prøvane har gjort at me har fått styrka økonomien vår. Me må søke om støtte til aktivitetsdag i februar. Søknad er muntleg godkjent av HS-leiar.	Per Ståle kjem med rekneskap til styret pr. 1. oktober innan 15.10. Laila lagar søknad og sender HS.
8-17	Bevegelege prøvar 2017 Perioden er over- Inger samlar inn alle kritikkar/premielister frå dommarane og legg i dogweb/sender NKK.	Inger snarast
9-17	Oppsummering av prøvar 2017 Me har arrangert 3 blodsporprøvar, 2 rallyprøvar, jaktanleggsprøve, apportprøve og bruksprøve NBF. Alle dei ordinære prøvane er ferdigmeldt og godkjent av NKK. Gjenstår bevegelige blodsporprøvar og fersksporprøvar. Etterarbeid rallyprøven – sende ut merker, bestille manglande rosettar og sende ut desse.	Inger snarast
10-17	Aktivitetsdag november/desember November viser seg å vera vanskeleg for styret. Inger har laga spørjeskjema om ynskje om aktivitet på FB. Me har fått inn 6 svar frå medlemmene så langt. Alle som har svart vil trene hund.2-3 desember er aktuelle dagar.	Laila spør snarast om å få leige ridehall på Byrkjelo ein av desse dagane. Me må ha hall avklart før me planlegg vidare.
11-17	Høyringsuttale nytt viltsporregelverk Alle dommarane vore har fått dette tilsendt på e-post. Inger samlar/systematiserer svara og sender samla til NKK.	Inger sender svar til NKK. Frist for svar til NKK er 11. november
12-17.	Høyringsuttale årets mestvinnande brukshundar i NSK. Fristen var 1. oktober HS/høyringsgruppe har bedt om innspel. Avdelinga har ikkje sendt inn noko.	
13-17	Leiarmøte NSK sentralt 22 oktober Laila kan ikkje delta, ho sjekkar om nestleiar Hilde kan. Våre forslag til tiltak: HS/styret/arrangør må gi ein positiv tilbakemelding til dei som gjer ein jobb for klubben. Er det eit arrangement – gi tilbakemeldinga der og da. Er det lenger arbeid – gi tilbakemelding minst ei gong i halvåret. HS bør gå foran med eit godt eksempel når det gjeld alle avdelingsstyrer, tilbakemelding på arrangement, arbeid med medlemsblad/spalter, heimeside og facebookside. Avdelingane må bli flinkare til å gi tilbakemeldingar til HS, til	Laila sjekker om Hilde kan reise. Laila melder inn vår tilbakemelding til HS. Frist for å melde inn tema er 14. oktober.

	<p>arrangører, sporleggare, hjelpere, instruktører og dommare. EG som medlem må verta flinkare å gi ei positiv tilbakemelding til den/dei som gjer noko positivt for klubben eller aktivitetar i klubben som eg synes er bra. Dette kan vera alt frå det å arrangere utstilling/prøve til medlemsblad og styrevedtak.</p>	
14-17	<p>Aktivitetsplan 2018 Søknadsfrist prøvar 31.10 Dobbelt rallystevne Årdal 14-15 april. Dommar?</p> <p>Blodsporprøve Eid – dobbelt prøve ? Dato? Må få avklare dette med Hilde.</p> <p>Blodsporprøve i Årdal – ein dag – 16. juni</p> <p>Det blir ikkje sporprøve i Luster i regi av NSK i år</p> <p>JAL og apport – på Eid 25 august? Hilde går dette? Bevegelege blodspor og ferskspor – som i år Bruksprøve? Tenke litt til på denne. Bør vera ei helg</p>	<p>Laila søker om og jobbar med dommar til rallystevnet + spor Årdal.</p> <p>Hilde arbeider med sporprøve på Eid. Inger legg inn søknad når dato er klar.</p> <p>Hilde sjekkar terreng JAL på Eid Inger sjekkar dommar JAL og legg øvrige prøvar inn i NKK-systemet.</p>
15-17	<p>Dobbel-utstilling i samarbeid med Førde brukshundklubb 2019 Ein dag spesialutstilling. Me venter på meir informasjon frå Førde BHK. Me er i utgangspunktet positive. Spesielt sidan det vert innført klubb-cert og klubb-championat (RS vedtak 2017)</p>	Laila har kontakt med Førde
16-17	<p>Ny heimeside til avdelinga Laila og Inger har sett på denne og synes den ser veldig fin ut. Sida vert presentert på leiarsamlinga.</p>	Laila har kontakt med HS og har sendt inn nokre små forslag til forbetringar
17-17	<p>Årsmøtet 2018 Må/skal inn i Våre Spaniels julenummeret som har frist 1. november. Aktuell helg er siste helga i februar. Me ynskjer å vera på Skei.</p>	<p>Alle – bli einige om dato. Laila – høyre med Skei hotell. Inger lage annonse til VS og heimeside.</p>

Neste styremøte må vera i god tid før fristen for å søke prøvar 31. oktober.

Laila kallar inn styret + vara

Ref Inger